



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kristin Bach Skaset, 5557 2277

Vår dato
23.03.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/1865 363.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Einslege mindreårige flyktningar – auka behov for busettingsplassar i kommunane

Behovet for busetting av einslege mindreårige flyktningar har auka sidan kommunane sist blei oppmoda om busettingsplassar av Integrerings – og mangfalldirektoratet (IMDi) våren 2013. For Hordaland sin del betyr det at tala på busettingsplassar for einslege mindreårige må auke med 26 plassar kvart år dei neste åra. Totalt er det behov for 64 plassar i fylket.

Fylkesmannen i Hordaland inviterte i februar utvalde kommunar i fylket til å diskutere dette nærmare. Her orienterte Fylkesmannen om at nokre kommunar i fylket vil bli oppmoda om å auke talet busettingsplassar.

Oppmoding:

Vi viser til Lindås kommune sitt vedtak om å busette inntil 3 einslege mindreårige flyktningar i 2015. På bakgrunn av at behovet for busetting av einslege mindreårige flyktningar har auka, ber vi om at kommunen aukar vedtaket sitt med 2 einslege mindreårige. Fylkesmannen ber om at Lindås kommune totalt busett 5 einslege mindreårige flyktningar i 2015.

Bakgrunn:

Fylkesmannen i Hordaland skal i 2015 og 2016 leie eit prosjekt som har mål om auka og raskare busetting av flyktningar i fylket. Dette er på oppdrag frå Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet (BLD). Ein del av dette prosjektet er at Fylkesmannen skal bidra til at kommunane i Hordaland stiller nok busettingsplassar til disposisjon for å busette det talet flyktningar som det er trøng for. Fylkesmannen skal også bidra til utviklingsarbeid i kommunane for å styrke innsatsen når det gjeld kvalifisering og integrering. IMDi skal framleis ha ansvaret for den daglege kontakten og oppfølginga av kommunane ved busetting av dei enkelte flyktningane. Fylkesmannen i Hordaland vil samarbeide tett med IMDi, men vil ha hovudfokus på busettingsplasser og utviklingsarbeid.

Auka i talet av einslege mindreårige flyktningar som skal busettast i kommunane gjer at Fylkesmannen no oppmodar kommunane om fleire busettingsplassar. Auka kjem av at ankomstene av einslege mindreårige har auka og at dei kjem frå land der mange får opphaldsløyve. Talet på opphaldsløyve har òg auka fordi UDI behandlar søknadene raskare.

Økonomiske verkemiddel:

Einslege mindreårige flyktningar er ei prioritert gruppe som skal busettast raskt i kommunane. Det er derfor fleire økonomiske verkemiddel som kommunane kan få ved busetting av denne gruppa flyktningar. Dette gjeld mellom anna tilskot frå IMDi, Bufetat, Helsedirektoratet og Husbanken. For ei oversikt over dei ulike tilskotsordningane, sjå IMDi sine heimesider: <http://www.imdi.no/no/Bosetting/Enslige-mindrearige/>. Fylkesmannen vil i løpet av kort tid invitere kommunane til eit møte om aktuelle økonomiske verkemiddel i busetting av einslege mindreårige.

På grunn av at det auka behovet for busetting av einslege mindreårige flyktningar gjeld allereie inneverande år, ber vi om ei tilbakemelding på oppmodinga innan 19.6.2015.

Vedtaket sendes skriftleg til Fylkesmannen (fmhopostmottak@fylkesmannen.no), med kopi til IMDi; post@imdi.no og KS v/Nina Gran; nina.gran@ks.no.

Kontaktpersoner for Fylkesmannen sitt busettingsprosjekt er Kristin Bach Skaset (fmhokbs@fylkesmannen.no) og Marianne Svege (fmhomsv@fylkesmannen.no). Vi ser fram til eit godt samarbeid med Lindås kommune!

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
KS v/Nina Gran
IMDi
KS Hordaland